

ØRSKOG KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

09.03.2012

Kopi til: Ordfører  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 15.03.2012 kl. 16.00  
på rådhuset**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 05.12.2011
- ” 02/11 - Vedk. oppfølging av sak 14/10, sak 04/11, sak 07/11 og sak 15/11 –  
praktisering av Lov om offentlige anskaffelser for utvalde prosjekt i  
Ørskog kommune
- ” 03/12 - Oppgaver for kontrollutvalet, oversikt over sakstypar, årshjul –  
orienteringssak

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til  
dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign.)

# KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 5. desember 2011 kl 16.00  
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Åse Karin Gjære

= 2 voterande

Inga Helen Støversten møtte ikkje.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen  
Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling og teknisk sjef Jørn Hagerborg.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.  
Medlemmane i kontrollutvalet gjekk inn for at innkalling og saksdokument blir sendt på e-post og ikkje i papirversjon frå og med neste møte.

### SAK 11/11 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 19. SEPTEMBER 2011

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 19. september 2011 blir godkjent.

### SAK 12/11 ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

### SAK 13/11 OPPLEGG FOR KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I DEN NYE VALPERIODEN (TIL DRØFTING)

I drøftingane var det mest fokus på behovet for forvaltningsrevisjon og framlegging av ein plan for forvaltningsrevisjon. Det vart ikkje fatta konkrete vedtak.

#### **SAK 14/11**

#### **PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON VEDKOMANDE SJUKEFRÅVÆR I ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument datert 29.11.2011 frå kontrollutvalsekretariatet. Det kom fram under drøftingane at forvaltningsrevisjonsrapporten vil vere ferdigstilt 1. kvartal 2012.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til prosjektplan for forvaltningsrevisjon vedkomande sjukefråvær i Ørskog kommune.

#### **SAK 15/11**

#### **VEDK. OPPFØLGING AV SAK 14/10 OG SAK 04/11 – PRAKTISERING AV LOV OM OFFENTLIGE ANSKAFFELSER FOR UTVALDE PROSJEKT I ØRSKOG KOMMUNE**

Behandlinga av denne saka har stoppa opp på grunn av manglande svar frå kommunen. Som forklaring på at fristane for svar til kontrollutvalet ikkje har blitt haldne, vart det opplyst at arbeidet med å gå gjennom materialet har vore svært krevjande og at det av den grunn ikkje har vore nok tid. Det kom fram synspunkt på at det i situasjonen burde blitt teke kontakt med kontrollutvalsekretariatet både med tanke på å melde frå om årsaker, men også for å drøfte nærare behovet for å få fram dei opplysningane som er relevante. Det vart lovt oversending av svar i løpet av januar 2012.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har saka til observasjon.

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign)

Åse Karin Gjære  
nestleiar  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 09.03.2012

**SAK 02/12  
VEDK. OPPFØLGING AV SAK 14/10, SAK 04/11, 07/11 OG SAK 15/11 -  
PRAKTISERING AV LOV OM OFFENTLIGE ANSKAFFELSER FOR UTVALDE  
PROSJEKT I ØRSKOG KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Sak 14/10, sak 04/1 og sak 07/11.
- Brev av 29.02.2012 frå teknisk sjef

I sak 15/11 mangla det svar frå kommunen og kontrollutvalet fatta følgjande samrøystes vedtak:

*Kontrollutvalet har saka til observasjon.*

Det har no kome svar på kontrollutvalet sin forespørsel. Det går fram av svaret at dei store prosjekta har blitt lyst ut på Doffin.

Det går fram at HMS – erklæring manglar for fleire av arbeida. Talet på tilbydarar er i fleire tilfelle ikkje dokumentert. Dette gjeld også arbeid som er opplyst å vere lyst ut på Doffin. Kostnadsoverslag (budsjettsum) manglar og det er i nokre høve berre brukt lokale leverandørar og avgrensa lokal utlysing. Skatteattestar er ikkje nemnt.

Regelverket i Lov om offentlige anskaffelser kjem delvis fram i vedlagte sak 07/11 og det blir vist til denne.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet viser til tidlegare saker nemnt ovsanfor og konstaterer at kommunen utifrå innkomne opplysningar ikkje har fått innretta sin inkjøpspraksis for perioden 2009 til 2011 godt nok i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.
2. Kontrollutvalet har merka seg at regelverket no kan synest å bli teke på alvor og vil følgje opp med undersøkingar seinare for å sjå korleis kommunen vil praktisere Lov om offentlig anskaffelser i tida som kjem.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

KOPI

Kontrollutvalget

Dato: 08.12.2010

**SAK 14/10  
OPPFØLGING AV SAK 16/09 - PRAKTISERING AV LOV OM OFFENTLIGE  
ANSKAFFELSER FOR UTVALDE PROSJEKT I ØRSKOG KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Notat datert 10.11.2010 frå teknisk sjef til rådmann

Sak 16/09 omhandla praktisering av Lov om offentlige anskaffelser for fleire investeringsprosjekt i Ørskog kommune og kontrollutvalet gjorde i saka slikt samrøystes vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering, men vurderer å kome tilbake til saka seinare.*

I sak 12/10 var det meininga å sette fokus på eitt av desse prosjekta, Jordskarvegen på Skarbø, og det var forut for møtet bedt om ei skriftleg utgreiing om prosjektet. I denne saka gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber rådmannen om ei snarleg skriftleg utgreiing om praktisering av Lov om offentlige anskaffelser gjeldande dette prosjektet samt kostnadsoverslag, finansieringsplan og gjennomføring av prosjektet med omsyn til økonomi og tidsbruk.*
2. *På bakgrunn av ei slik utgreiing vil kontrollutvalet vurdere om det er nødvendig å gjere vidare undersøkingar i saka.*

Kontrollutvalet mottok etter dette notatet som er datert 10.11.2010.

I sak 14/07 om praktisering av overordna regelverk omkring kjøp og sal i Ørskog kommune vart gjort følgjande vedtak bygd på ein forvaltningsrevisjonsrapport:

*Kontrollutvalet viser til Rapporten "Praktisering av overordna regelverk omkring kjøp og sal i Ørskog kommune", utarbeidd av Kommunerevisjonsdistrikt 3 i M&R, september 2007.*

*Rapporten tek føre seg:*

*Sal av tomter i Haukås næringspark*

*Kjøp og sal av tunnelmasse frå Statens Vegvesen*

*Alle innkjøp over kr 200.000, bokført i investeringsrekneskapet i perioden 2004-2006.*

Rapporten er gjennomarbeidd og grundig, og omhandlar fleire konkrete transaksjonar og tilhøve ikring desse. Kontrollutvalet sluttar seg til konklusjonane i rapporten, og vil legge til desse presiseringane:

#### Forhandlingsutvalet / arkiv:

Rapporten gir eit bilete av svak dokumentasjon og tilfeldig protokollrutine i forhandlingsutvalet. Kontrollutvalet ber om at forsvarlege protokollrutinar og eintydig praktisering for oppbevaring av saksmapper blir etterstreva.

#### **Fullmakter**

Rapporten gir minst eit eksempel på mangelfulle rutinar rundt oppgåver som kommunestyret har gitt andre organ fullmakt til å handtere på sine vegner. Kontrollutvalet rår til at rutinane rundt utforming og handheving av fullmakter blir klarare og at utforming i kvart tilfelle har med kven som er fullmektig og korleis fullmakta er avgrensa.

Transaksjonar utført utan fullmakt kan medføre erstatningsplikt. Den som er fullmektig bør rutinemessig gje tilbakemelding om bruk av fullmakt .

Kontrollutvalet finn grunn til å minne om at berre det organet som lovleg har gitt ei fullmakt, eller overståande organ, kan endre innhaldet i den eller trekke den attende.

#### **Kommunen som forretningspart**

Rapporten gir eit bilete av ei uheldig og noko tilfeldig handtering av kommunen si forretningsdrift. Kontrollutvalet viser til "Lov om offentlege anskaffelser" § 5, som stiller krav om høg forretningsetisk standard. I dette ligg "forutberegnelighet, gjennomsiktighet og etterprøvbarhet" Dette er nærare omtala i rapporten.

Offentlege anskaffelsar må til ei kvar tid gjennomførast slik at leverandørar og andre kan kjenne seg trygg på - og kunne etterprøve at gjennomføringa har skjedd i samsvar med gjeldande regelverk og god forretningssskikk.

Det er kommunestyret som fastset reglar for gjennomføring i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Kontrollutvalet minner om at praktisering av likskap over for interessentar til kjøp, sal og tenesteyting må vere absolutt innanfor kommunal forvaltning, og at overordna reglar om offentlege anskaffelser ikkje kan fråvikast.

Kontrollutvalet anbefalar at Ørskog kommune utarbeider eit internt regelverk og rutinebeskrivelsar, og minner om at det etter nye reglar skal førast protokoll for alle anskaffelser over kr 100.000.

#### **Saker unntatt offentlig innsyn**

Kontrollutvalet vil påpeike at det i ny lov er opna for innsyn, som inneber at etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokoll offentleg, med mindre ein har særskild heimel for anna.

#### **Politisk og administrativ rolle**

Kontrollutvalet finn vidare grunn til å peike på det som i rapporten er omtala som særskild uheldig samanblanding av roller mellom folkevald leiar og administrative oppgåver.

Det kviler eit felles ansvar på folkevalde og administrasjon i det å klargjere rolledeling og rettleie innanfor sine ansvarsområde. Dette ansvaret trer også i kraft under val av leiarar.

#### **Inhabilitet**

Kontrollutvalet vil også peike på at det er grunn til å legge større vekt på ei opplæring, informasjon og ei eintydig og konsis handtering av habilitetsregelverket.

Det ligg eit gjensidig ansvar for å handtere habilitetsreglar for alle folkevalde. Det er svært uheldig for omdømmet til Ørskog kommune dersom det vert ei oppfatning av at reglane blir praktisert tilfeldig.

Eit slikt omfattande vedtak som også gjekk vidare til kommunestyret, tilseier at etterleving av Lov om offentlige anskaffelser skal ha høg prioritet i Ørskog kommune.

### **Jordskarvegen**

Med ein kostnad på 720.520 er dette eit lite prosjekt. Det går fram av notatet at dekklegging utgjer 205.514 kroner og at innkjøpet er gjort gjennom innkjøpsamararbeidet i Åru og at dette skal vere handtert i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.

### **Regelverket**

Ut ifrå dette er det restbeløpet på 515.000 kroner, som skal vere aktuelt å vurdere i denne saka. Her kan ein presisere at beløpsgrensa for utlysing på Doffin er 500.000 kroner. For arbeid heilt ned til 100.000 kroner er det krav om skatteattest i samsvar med forskriftene § 3-3, krav om HMS-eigenerklæring før kontraktsinngåing etter forskriftene § 3-4 og plikt til å føre tilbodsprotokoll etter forskriftene sin § 3-2.

Også for kjøp under 100.000 kroner skal det vere konkurranse.

Av nnhenta opplysningar både i det vedlagte notatet og uttaler frå rådmannen i tidlegare møte går det fram at det ikkje er nytta konkurranse i denne byggesaka. I notatet blir det argumentert med kost/nytte effekten av bruk av tilbud samt høge konsulentrekningar for ikkje å gjere seg nytte av tilbud. Sjølv om *eitt* prosjekt kan bli billegare med ei handtering utan konkurranse, er det liten tvil om at det for den store massen av prosjekt og over tid er mest rekningsssvarande å bruke tilbud. Føremålet med konkurranse er m.a. kostnadseffektivitet, men også å unngå korrupsjon. Lav prosjektkostnad er heller ikkje den einaste målsettinga som skal etterlevast. Det er like viktig å følgje lover og forskrifter.

I Bahrs kommentarutgåve til lova går det fram:

*I utgangspunktet innebærer plikten til å basere alle anskaffelser på forretningsmessighet også en plikt til ikke å ta utenforliggende hensyn i anskaffelsesprosessen. Historisk har det imidlertid vært knyttet vekslende grad av interesse til å benytte offentlige anskaffelsesvirksomhet som et politisk virkemiddel, særlig i distrikts- og næringspolitikken, men også for å ivareta andre samfunnsmessige hensyn. I forarbeidene til lov om offentlige anskaffelser ble det pekt på at internasjonale avtaler satte klare begrensninger for en slik virkemiddelbruk. Slike hensyn ville dessuten lett komme i konflikt med ønsket om mest mulig effektive anskaffelser.*

*I den grad man skal koble andre hensyn inn i anskaffelsespolitikken ble det derfor understreket at de samfunnsmessige krav som eventuelt stilles, systematisk må vurderes ut fra hensiktsmessighet og mulige konsekvenser for målsettingen om å foreta effektive og profesjonelle anskaffelser. Departementet fulgte opp dette ved å peke på at et regelverk som i for stor grad prioriterer andre hensyn enn de forretningsmessige, vil hindre oppdragsgiver i å opptre profesjonelt og gi uklare retningslinjer for hvordan konkurranser om offentlige kontrakter skal foregå*

Ørskog kommune er ansvarleg for ein grunnleggjande tenesteproduksjon, utøving av offentleg mynde og forvaltar store felles verdiar. Det er derfor nødvendig å sikre at allmennheita har tillit til at kommunen har ein høg etisk standard i si verksemd. Eit viktig virkemiddel for å understøtte høg etisk standard er reglane om offentlege innkjøp.

### **Forholdet til budsjett og prosjektering**

Av notatet går det fram at Jordskarvegen tilhøyrrer prosjekt 7061 i budsjettet. Ettersom dette prosjektet også inneheld andre investeringar, skal det etter det ein har fått opplyst ikkje vere reine budsjettal for Jordskarvegen. Det ligg heller ikkje føre ei prosjektering som viser at

prosjektet er planlagt på ein tilfredstillande måte. Kostnadane har auka i takt med framdrifta ut i frå behov som har kome til.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet viser til tidlegare saker som gjeld praktisering av Lov om offentlige anskaffelser og ber kommunen skjerpe sine rutinar på dette området.
2. Kontrollutvalet vil også understreke behovet for prosjektering ved investeringsprosjekt.
3. Saka blir å sende kommunestyret til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

KOPI

Kontrollutvalet

Dato: 03.05.2011

**SAK 04/11  
VEDK. OPPFØLGING AV SAK 16/09 OG SAK 14/10 - PRAKTISERING AV LOV  
OM OFFENTLIGE ANSKAFFELSER FOR UTVALDE PROSJEKT I ØRSKOG  
KOMMUNE**

I sak 14/10 gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

- 1. Kontrollutvalet viser til tidlegare saker som gjeld praktisering av Lov om offentlige anskaffelser og ber kommunen skjerpe sine rutinar på dette området.*
- 2. Kontrollutvalet vil også understreke behovet for prosjektering ved investeringsprosjekt.*
- 3. Kontrollutvalet ber om ein skrifleg oversikt over alle investeringsprosjekt som er i gang eller er avslutta i 2010 med dokumentasjon på at Lov om offentlige anskaffelser er følgd.*
- 4. Saka blir å sende kommunestyret til orientering.*

Særutskrift vart sendt kommunen like etter møtet og purring vart i ettertid sendt med svarfrist 01.04.2011.

Det er ikkje motteke svar når det gjeld punkt 3 i vedtaket.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet ber om svar innan 01.06.2011.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**



Kontrollutvalet

Dato: 12.09.2011

**SAK 07/11**

**VEDK. OPPFØLGING AV SAK 14/10 OG SAK 04/11 - PRAKTISERING AV LOV  
OM OFFENTLIGE ANSKAFFELSER FOR UTVALDE PROSJEKT I ØRSKOG  
KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Notat frå Ørskog kommune datert 01.06.2011

I sak 14/10 gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

1. *Kontrollutvalet viser til tidlegare saker som gjeld praktisering av Lov om offentlige anskaffelser og ber kommunen skjerpe sine rutinar på dette området.*
2. *Kontrollutvalet vil også understreke behovet for prosjektering ved investeringsprosjekt.*
3. *Kontrollutvalet ber om ein skriftleg oversikt over alle investeringsprosjekt som er i gang eller er avslutta i 2010 med dokumentasjon på at Lov om offentlige anskaffelser er følgd.*
4. *Saka blir å sende kommunestyret til orientering.*

Av møteboka til kontrollutvalet i sak 04/11 kjem følgjande fram:

*Rådmannen orienterte om årsaker til at kontrollutvalet ikkje hadde blitt orientert. Tidsmessig har administrasjonen vore i ein ekstrem situasjon og denne saka hadde ikkje blitt gitt høg nok prioritet. Han opplyste at kommunen var i ferd med å utvikle eit dokumentasjonssystem for offentlig kjøp. Dette systemet vart vist fram i møtet.*

***Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:***

*Kontrollutvalet ber om svar innan 01.06.2011.*

Innan fristen nemnt ovanfor har kontrollutvalsekretariatet motteke eit notat som vedlagt følgjer saka.

I lov om offentlige anskaffelser og forskrifter om offentlege forskrifter kjem det fram krav som kommunane må følgje:

## **Krav i regelverket**

### **Krav ved beløpsgrense på 100.000 kroner:**

- Innkjøpet skal vere basert på konkurranse
- Det skal ligge føre skatteattestar frå leverandørane
- Det skal ligge føre HMS-eigenerklæring
- Det skal førast anbudsprotokoll

### **Krav ved beløpsgrense på 500.000 kroner:**

- Innkjøp skal gjerast i samsvar med forskrift om offentlige anskaffelser og del 2 og skal vere utlyst på Doffin-basen
- Det skal ligge føre skatteattestar frå leverandørane
- Det skal ligge føre HMS-eigenerklæring
- Det skal førast anbudsprotokoll

### **Krav ved beløpsgrense på 1.600.000 kroner, EØS-terskelverdi**

- Kunngjeringsplikt i TED-basen for varer og prioriterte tenester
- Plikt til rettleiande kunngjering dersom ein ønskjer å nytte avkorta fristar
- Plikt til å kunngjere konkurranseresultatet for varer og tenester
- Plikt til å ta inn sosiale klausular i teneste/bygg og anleggskontraktar

### **Krav ved beløpsgrense på 40,5 mill. kroner, EØS-terskelverdi**

- Kunngjeringsplikt i TED-basen for bygg og anlegg
- Plikt til å kunngjere konkurranseresultatet
- Plikt til rettleiande kunngjering dersom ein ønskjer å nytte avkorta fristar

Lova og forskrifta stiller krav om konkurranse, likebehandling, forutsigbarheit, gjennomsiktigheit og etterprøvbarheit. I tillegg er det krav om dokumentasjon slik at det kan bli høve til kontroll og overprøving.

Notatet tek også for seg sal av eigedom. For slike forhold gjeld lov om offentleg støtte (L27.11.1992 nr. 117), jf EØS-avtalens artikkel 61

EØS-avtalen forbyr som hovudregel offentleg støtte til næringslivet. Dersom kommunen overdreg offentleg eigedom på gunstigare vilkår enn det markedet tilseier, kan dette utgjøre ulovleg statsstøtte etter EU/EØS regelverket. EFTA sitt overvaksningsorgan (ESA) og EU-kommisjonen har utarbeidd retningslinjer for eigedomsoverdragingar frå det offentlege til private næringsdrivande. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har utarbeidd rettleingar til regelverket.

Når det gjeld vurdering av kva som er markedspris, kan det skillast mellom betaling for infrastruktur og kjøp av råtomt.

Dersom kommunalt finansiert infrastruktur medfører selektive økonomiske fordelar til enkelte bedrifter, kan ei overdraging bli ramma. Det blir eit vurderingsspørsmål i det individuelle

tilfellet korvidt tilrettelegging av infrastruktur utgjer offentleg støtte til foretak som nyttar infrastrukturen. Støtte kan likevel vere innanfor med EØS-avtalen. Eit av unntaka fell innafor sokalla bagatellmessig støtte. Beløp under 200.000 Euro fordelt over ein treårsperiode treng ikkje å bli meldt til departementet eller ESA.

Etter lova § 2 skal meldepliktige støttetiltak meldast til departementet av den som skal yte støtten før støttetiltaket blir sett i verk.

Kontrollutvalsekretariatet går her ikke nærmere inn på desse sala som er gjort.

### **Eksempel frå notatet og oversikten**

Det går fram at prosjekt 4060, Sjøholt skule oppreting tak i symjehall, budsjett 1.875.000 kroner er starta utan utlysing på Doffin, men at det er innhenta tilbod. Ved bygging av ”Trekanten”, vil kommunen nytte same tilbodet som vart brukt på bussterminalen. For nokre oppdrag har kommunen nytta tidlegare leverandørar og tidlegare innhenta tilbod. Det går vidare fram at tenestekjøp frå Ørskog Energi AS overstig grensene for utlysing på Doffin. Når det gjeld vegarbeid so har det ikkje tidlegare vore innhenta reelle anbod på dei arbeida som går føre sjølve asfalteringa kjem det fram i notatet. Det går vidare fram:

*”Det har vore vanleg å nytte kommunale enterprenørar i den utstrekning dei har hatt kapasitet og har vore funne skikka til å utføre slike oppdrag for Ørskog kommune. Dette har ut frå vår erfaring, fungert svært bra og, har vore sett på som ei god ordning av politikarane i kommunen.”*

### **Oppsummering**

Det går tydeleg fram av kommunen sitt notat at konkurranse ikkje alltid blir gjennomført ved nybygg og nyanlegg. Det går også fram at ikkje alle prosjekt som skal utlysast på Doffin – basen blir utlyst der. I oversikten kommunen har laga kjem det berre unntaksvis fram prosjektkostnad slik at beløpøsgrenser i liten grad kan sjekkast.

Det går ikkje fram av notatet at det blir innhenta skatteattestar eller HMS-eigenerklæring frå leverandørane. Det går heller ikkje fram nærare opplysningar om anbodsprotokoll, kunngjering av konkurranseresultatet for varer eller tenester eller klausular om sosial dumping.

Notatet indikerer at Ørskog kommune framleis har ein veg å gå når det gjeld å overhalde regelverket for offentlege anskaffelsar. Dessutan er viktige spørsmål ikkje berørt.


På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet konstaterer at kommunen utifrå innkomne opplysningar so langt ikkje har fått innretta sin inkjøpspraksis i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.

2. Kontrollutvalet vil følge opp dette temaet vidare
3. Saka blir å oversende kommunestyret til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



# Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -  
Teknisk avdeling

Anders P. Grotle

Vår ref.  
12/1800-030/JOAG

Dykkar ref.

Dato:  
29.02.2012

## Innkjøp i regi av teknisk avdeling i perioda 2009 - 2011

Vi viser til møte i Ørskog kontrollutval hausten 2011 med gjennomgang av innkjøp i regi av teknisk avdeling i Ørskog kommune i perioda 2009 – 2011.

I samsvar med drøftingane på siste møte er oversikt oppdatert med opplysingar og med tekstforklaring der det ikkje ligg føre dokumentasjon. Det er tatt inn ei ny kolonne for å kunne vise om det er lagt fram dokumentasjon på egenerklæring på HMS i samband med kjøpet. Oversikten ligg føre som vedlegg i reknearkformat.

Av generelle kommentarar vil eg kort nemne følgjande:


- Arbeidet med å sette opp oversikten har avdekt manglar ved rutinane med omsyn til dokumentasjon av innkjøpsprosessar
- Større innkjøp som er omfatta av lov om offentlige innkjøp ser ut til å være gjort i samsvar med lovverket. Det er likevel spørsmål knytt til kjøp av enkelte tenester som til dømes drift av Sjøholt miljøstasjon.

Teknisk sjef vil delta på møte i kontrollutvalet og svare på spørsmål og gje nærmare kommentarar og opplysingar om dei enkelte innkjøpe i oversikten.

Utarbeiding av den vedlagte oversikten har vore nyttig for undertekna for å få innsikt i prosjekt som er gjennomført i kommune dei siste to åra og korleis innkjøp har vorte gjennomført. Teknisk avdeling ser på ei tilbakemelding frå kontrollutvalet på oversikten som er utarbeidd som ei støtte for å forbetre rutinane knytt til innkjøp.

Med helsing

Jørn Agersborg  
Teknisk sjef



# Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -  
Teknisk avdeling

**Harald Rogne**

Vår ref.  
12/1800-030/JOAG

Dykkar ref.

Dato:  
29.02.2012

## Innkjøp i regi av teknisk avdeling i perioda 2009 - 2011

Vi viser til møte i Ørskog kontrollutval hausten 2011 med gjennomgang av innkjøp i regi av teknisk avdeling i Ørskog kommune i perioda 2009 – 2011.

I samsvar med drøftingane på siste møte er oversikt oppdatert med opplysingar og med tekstforklaring der det ikkje ligg føre dokumentasjon. Det er tatt inn ei ny kolonne for å kunne vise om det er lagt fram dokumentasjon på egenerklæring på HMS i samband med kjøpet. Oversikten ligg føre som vedlegg i reknearkformat.

Av generelle kommentarar vil eg kort nemne følgjande:


- Arbeidet med å sette opp oversikten har avdekt manglar ved rutineane med omsyn til dokumentasjon av innkjøpsprosessar
- Større innkjøp som er omfatta av lov om offentlige innkjøp ser ut til å være gjort i samsvar med lovverket. Det er likevel spørsmål knytt til kjøp av enkelte tenester som til dømes drift av Sjøholt miljøstasjon.

Teknisk sjef vil delta på møte i kontrollutvalet og svare på spørsmål og gje nærmare kommentarar og opplysingar om dei enkelte innkjøpe i oversikten.

Utarbeiding av den vedlagte oversikten har vore nyttig for undertekna for å få innsikt i prosjekt som er gjennomført i kommune dei siste to åra og korleis innkjøp har vorte gjennomført. Teknisk avdeling ser på ei tilbakemelding frå kontrollutvalet på oversikten som er utarbeidd som ei støtte for å forbetre rutineane knytt til innkjøp.

Med helsing

Jørn Agersborg  
Teknisk sjef



# Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -  
Teknisk avdeling

## Ørskog kontrollutval

Vår ref.  
12/1800-030/JOAG

Dykkar ref.

Dato:  
29.02.2012

### Innkjøp i regi av teknisk avdeling i perioda 2009 - 2011

Vi viser til møte i Ørskog kontrollutval hausten 2011 med gjennomgang av innkjøp i regi av teknisk avdeling i Ørskog kommune i perioda 2009 – 2011.

I samsvar med drøftingane på siste møte er oversikt oppdatert med opplysingar og med tekstforklaring der det ikkje ligg føre dokumentasjon. Det er tatt inn ei ny kolonne for å kunne vise om det er lagt fram dokumentasjon på egenerklæring på HMS i samband med kjøpet. Oversikten ligg føre som vedlegg i reknearkformat.

Av generelle kommentarar vil eg kort nemne følgjande:

- Arbeidet med å sette opp oversikten har avdekt manglar ved rutinane med omsyn til dokumentasjon av innkjøpsprosessar
- Større innkjøp som er omfatta av lov om offentlige innkjøp ser ut til å være gjort i samsvar med lovverket. Det er likevel spørsmål knytt til kjøp av enkelte tenester som til dømes drift av Sjøholt miljøstasjon.

Teknisk sjef vil delta på møte i kontrollutvalet og svare på spørsmål og gje nærmare kommentarar og opplysingar om dei enkelte innkjøpe i oversikten.

Utarbeiding av den vedlagte oversikten har vore nyttig for underteikna for å få innsikt i prosjekt som er gjennomført i kommune dei siste to åra og korleis innkjøp har vorte gjennomført. Teknisk avdeling ser på ei tilbakemelding frå kontrollutvalet på oversikten som er utarbeidd som ei støtte for å forbetre rutinane knytt til innkjøp.

Med helsing

Jørn Agersborg  
Teknisk sjef

Oversikt over større innkjøp ved teknisk avdeling i perioden vår 2009 - sommer 2011

Omrite av innkjøp:	Prosjekt-nummer:	Tid for innkjøpsprosessen:	Innkjøpsprosessen:	Tal tilbyderar:	Valgt leverandør:	Eigenerklæring for HMS	Budsjett-ramme, Østskog kommune (K.)	Kontraktssum (K.)	Adresser:
Prosjektering av fornying av gymasal, Stjøholt skule	4021	vår 2009	Avgrensa innhenting av tilbod (1 bedrift)	1	AS ARC-ESS	ja	80 000	53 595	09/329
Stjøholt busser, bygningsarbeid	4113	sommer/haust 2009	Ulyst i Doffin, nasjonal	3	Brødre Resand AS	ja	16 175 000 (total renoveringskostn.)	6 666 677	09/7651
Stjøholt busser, elektrifisering	4113	haust 2009	Ulyst i Doffin, nasjonal	4	Mare Elektrokonor AS	ukjend	16 175 000 (total renoveringskostn.)	09/7651	09/7651
Stjøholt busser, reparasjon	4113	haust 2009	Ulyst i Doffin, nasjonal	ikke dokumentert	Raflegger Andreass Loppaen	ukjend	16 175 000 (total renoveringskostn.)	632 000	09/7651
Stjøholt busser, reis	4113	haust 2009	Ulyst i Doffin, nasjonal	ikke dokumentert	Ulf Tech AS	ukjend	ikke tallfesta i budsjett	09/7651	09/7651
Stjøholt busser, bygging	4113	haust 2009	Ulyst i Doffin, nasjonal	ikke dokumentert	Stavering Ingeniørfirma AS	ukjend	ikke tallfesta i budsjett	09/7651	09/7651
Utdrag av kriskategori, Stjøholt skule	5900	haust 2009	Ulyst i Doffin, nasjonal	2	Jan Erik Sandal	ukjend	4 054 000	3 719 841	09/6356
Utdrag av kriskategori, Stjøholt skule	1282	vår 2010	Ulyst i Doffin, nasjonal	3	Aleksund Bygg AS	ukjend	2 450 000	17 028 002	08/1734.mil.
Skadde skule, oppgradering	4110	vår/sommer 2010	Avgrensa innhenting av tilbod lokalt <sup>1)</sup>	ikke dokumentert	Tron Espen Røyle, Janco Mac	ukjend	230 000	11 825 000	10/641
Kunstsassane, kunstressettkke	5421	sommer 2010	Ulyst i Doffin, nasjonal	7	Unisport Standarviva AS	ja	2 000 000	2 502 400	08/440
Kunstsassane, grunntarbeid	5421	sommer 2010	Ulyst i Doffin, nasjonal	3	Vasto Anlegg AS	ja	ikke tallfesta i budsjett	08/440	08/440
Kunstsassane, ysantlegg	5421	sommer 2010	Ulyst i Doffin, nasjonal	1	Isad anleggkonstale	ukjend	ikke tallfesta i budsjett	799 215	10/7408
Skrive av vindu, Stjøholt skule	4020	haust 2010	Avgrensa innhenting av tilbod (3 bedrifter)	3	H-Produkter AS	ukjend	350 000	310 155	10/7408
Sjoflotstrand miljøstasjon	4048	vår 2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Vestfjord Østskog AS	ukjend	ikke tallfesta i budsjett	1 248 000	08/642
Opgrusting, Skogen busstader	4048	haust 2010	Avgrensa innhenting av tilbod	1	Thor Olaf Helland/ Braute Maskin AS	ukjend	120 000 aks. nye	ikke dokumentert	10/7402
Ny gassveileiport, Stjøholt busstader	4048	vår 2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Gardvik Bygg AS	ukjend	236 503	ikke dokumentert	10/7403
Opprusting av tak over svømmehall, Stjøholt skule	4060	vinter 2011	Ulyst i Doffin, nasjonal	ikke dokumentert	Ramsvik AS	ja	1 500 000	58 125	11/77
Renovering av bad, busstader Hålvarmarka	4048	vinter/vår 2011	Ulyst i Doffin, konkurranse	2 (3 innleverd)	Gindvik Bygg AS	ukjend	ikke dokumentert	2 500 000	ukjend
Ny rundkjøring Stjøholt skule	4107	vinter/vår 2011	Ulyst i Doffin, nasjonal	2	Gindvik Bygg AS	ja	2 500 000	2 932 941	11/637, 10/470
Virt raddus <sup>1)</sup>	4108	vinter/vår 2011	Ulyst i Doffin, nasjonal	2	Stjøholt Næringsbygg AS	ja	4 145 000	2 843 750	09/287
Turvegl langs Østskogveia (Elvestien)	1285	vår/sommer 2011	Ulyst i Doffin, nasjonal	2	Ness Maskin AS	ja	300 000 - 500 000	396 000	11/230
Balkong til trykdbutstid, Skogen	4048	sommer 2011	Ulyst i Doffin, konkurranse	1	Byggekontroll 1	ukjend	60 000	60 000	11/556
Flyving, gamle barnstasjon Stjøholt sentrum	4116	haust 2011	Ulyst i Doffin, nasjonal	5	Ap Dessoim	ja	800 000	287 000	11/7339
Skifte av ytterdør, rådhuset	4050	2009/2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Valurinn / Thor Olaf Helland	ukjend	ikke tallfesta i budsjett	60 000	ukjend
Skifte av vindu, Østskog slukeheim	4050	2009/2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Valurinn / Thor Olaf Helland	ukjend	ikke tallfesta i budsjett	120 000	ukjend
<b>Delprosjekt veg</b>									
Lordskarvevegen	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	1	Braute Maskin AS, Sjan Hestad AS, Østskog Byggeservice, Kolo Veidekke AS m.fl.	delvis	720 520	ikke dokumentert	10/640
Halvårsvegen ved lusest til Rott Viset	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	1	Kolo Veidekke AS (Veidekke Industri AS)	ukjend	ikke tallfesta i budsjett	ikke dokumentert	10/640
Bjørnredalen	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Karl Urban Vestre	ja	ikke tallfesta i budsjett	ikke dokumentert	10/640
Nærmliggende, Reilane (tilskott frå Østskog k.)	7061	2010	Sjoflotstrand veifornying ansvarelig	ikke dokumentert	Kolo Veidekke AS (Veidekke Industri AS)	ja	ikke tallfesta i budsjett	10 000	10/640
Garnbanken, inngang	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Kolo Veidekke AS (Veidekke Industri AS)	ja	ikke tallfesta i budsjett	ikke dokumentert	10/640
Bygdevegen, Vaksafjellet	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	1	Mesta	ja	150 000	ikke dokumentert	10/640
Einavegen	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	1	Braute Maskin AS	ja	ikke tallfesta i budsjett	ikke dokumentert	10/640
Hjellevsran	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	1	Kolo Veidekke AS (Veidekke Industri AS)	ja	ikke tallfesta i budsjett	ikke dokumentert	10/640
Kåstvegen	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Kolo Veidekke AS (Veidekke Industri AS)	ja	ikke tallfesta i budsjett	ikke dokumentert	10/640
Ute-Hallen	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Kolo Veidekke AS (Veidekke Industri AS)	ja	ikke tallfesta i budsjett	ikke dokumentert	10/640
Brutkontroll, Inkl. kalla	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	1	Safe Control	ukjend	ikke tallfesta i budsjett	52 000	10/707
Nalmbarvegen	7061	2010	Avgrensa innhenting av tilbod	ikke dokumentert	Kolo Veidekke AS (Veidekke Industri AS)/ Braute Maskin AS	ja	ikke tallfesta i budsjett	ikke dokumentert	ukjend

**Prosjektomtale**

- 7061: opprusting veg
- 4021: Stjøholt skule - planlegging rominndeling gymasal
- 4113: Stjøholt busser - rehabilitering
- 5900: Utdrag kriskategori

**Notat:**

- 1) Prosjektet med oppgradering av Skarbo skule vart delt i fleire delopdrag og prisbilde innlemma hos lokale tilbydarar som JanCo Mek, Trond Espen Reile m. fleire.
- 2) Innføring i nytt raddus er endra frå kjøpelege til leige

# SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 09.03.2012

## SAK 03/12 OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR, ÅRSJUL – ORIENTERINGSSAK, JF SAK 13/11

### 1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningslinjer for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

### 2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

### **3. Heimelsgrunnlag**

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

### **4. Saker til behandling i kontrollutvalet**

#### **4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet**

##### **4.1.1. Rekneskapsrevisjon**

###### 4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at ”*kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følgjer av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i egne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er egne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

###### 4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultata av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore opp til behandling i utvalet.

###### 4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

#### **4.1.2 Forvaltningsrevisjon**

##### 4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal ”*påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*”. Vidare skal kontrollutvalet sjå til ”*at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger*” - forvaltningsrevisjon.

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av revisjonsforskrifta § 7.

#### 4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultatene av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

#### 4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgt opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 12.

I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiding med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

### **4.1.3 Selskapskontroll**

#### 4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

#### 4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

#### **4.1.4 Revisjonsplan**

Det følger av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei "bestillarrolle" når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

#### **4.1.5 Rapport frå revisjonen**

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultatata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

#### **4.1.6 Anna**

##### 4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følger av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

##### 4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggest til grunn. Det følger av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

##### 4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

##### 4.1.6.5 Budsjettbehandling

I sambande med den årlige budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapets innstilling til kommunestyret. Det følger av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

#### **4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle**

##### 4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektuere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga,

koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil være å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningsliner for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

#### 4.2.2 Skatterekneskap

Tidligere vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphøyrd denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

#### 4.2.3 Retningsliner for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide eigne retningsliner for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

### **4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet**

#### 4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggst fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

#### 4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet.

Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

#### 4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

#### 4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

#### 4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- åpne eller lukka møter,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

#### 4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personalhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

#### 4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningsskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

## **5. Tidsfristar for behandlinga**

Love og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

*Årsmelding /årsrekneskap* skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10 )

*Revisjonsmelding* skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødige opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

*Regnskapsrapportane* skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av *sluttrekneskap* til politisk behandling.

*Plan for forvaltningsrevisjon* skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

*Plan for selskapskontroll* skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

### ***Oppfølging av politiske vedtak***

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregåande året.

## **6. Rapportering til kommunestyret**

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

## **7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett**

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved

rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar